

## Postmottaket

---

**Fra:** karin.thauland [karin.thauland@kvinnherad.kommune.no]  
**Sendt:** 11. desember 2003 10:25  
**Til:** Postmottaket



høring stilk.doc



skog.DOC

Høring sak 2003 02997

Her kommer Kvinnherad kommune sine uttaler

Vennlig hilsen Karin Thauland

2003 2997	157
WBJASR/BS	
TIV	486

# Møtebok

SAK: **Delegasjon av tilskotsordningar innan skogbruk til kommunane**

Arkivsaksnr.: 03/04536

BEHANDLA AV:				
Beh.rf.	Utval	Møtedato	Utvalssak	
1	Formannskapet	04.12.03	03/0522	303 - 312

Saksbehandlar: Terje Natland

Vedlegg: Forslag til "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*".  
Følgjeskriv til forslaget.

## Saksutgreiing:

Under handsaming av St.meld. nr.1 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, vedtok Stortinget at ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføringa gjelder vedtaksmynde for saker som krev lokalpolitisk skjønn. Alle konsesjonslovs- og delingssaker etter jordlova og saker etter skoglova (unntatt vernskoggrenser), skal etter dette avgjerast på kommunalt nivå. Tilsvarande gjeld for dei økonomiske verkemidlane; miljømidlar under Landbruket sitt utviklingsfond (LUF) og skogmidlane under LUF. Stortinget ønskjer med dette å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gi kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver, og samstundes bidra til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Som en oppfølging av desse endringane vil kommunene frå og med 2004 få tildelt ein årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen som vil omfatte midlane til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og til skogbruksplanlegging. Ramma til den einskilde kommune vil bli fastsett ut frå fleirårige tilskotsstrategiar som kommunen utarbeider. Bruken av midlane skal forvaltast med grunnlag i dei føresegner som nå er under utarbeiding. Som det går fram av utkasta, vil kommunane få stor fridom til å prioritere mellom de ulike tiltak, fastsette tilskotsatsar og nærare kriterie og eventuelle vilkår.

Vi har motteke frå Landbruksdepartementet utkast til *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* på høring. Forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om søknad om behandling av søknader og utbetaling av statstilskot m.v. til skogsveger og forskriftene om tilskot til praktikanter i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsveger og miljøtiltak i skogbruket.

Eventuelle merknader må sendast departementet innan 11. desember 2003. Etter gjennomgang av merknadene vil dei endelege føresegnene bli vedteke og gjort gjeldande frå 1. januar 2004.

Fordelinga av midlar til den einskilde kommune vert delvis gjort på bakgrunn av aktiviteten dei seinare åra. Bruk i Kvinnherad har dei siste åra nytta seg mykje av dei ulike ordningane til skogbrukstiltak. Dette vil gje utteljing når potten skal delast ut til kommunane i fylket.

Vi har merka oss at dei to forskriftene som Landbruksdepartementet har sendt på høyring er svært ulike, så ulike at ein ikkje skulle tru dei kom frå same departement.

Det er gitt nokre avgrensingar på bruken av tilskot, jf. Utkasta til forslag til forskrift og følgeskriv.

### **Kommentarar til dei einskilde paragrafane:**

#### **Kapittel 1**

##### *§1-1 Formål*

Formålet er å tilpasse virkemiddelbruken etter lokale forhold. *Dette trur vi vil slå positivt ut for Kvinnherad som har andre utfordringar innan skogbruket enn kommuner i sentrale skogstrøk.*

#### **Kapittel 2**

##### *§1-2 Virkeområde*

Som tidligere er det sett krav til minsteareal produktiv skog, minst 10 dekar. *Dette er som før.*

##### *§2-1 Generelt*

Forskriften gir åpning for å yte tilskot til oppbygging av kvalitetsskog og til stell av denne. Også til skjøtsel med formål å fremje miljø - og kulturminner kan det nyttast penger til. Skogplanting eller såing kan det ikkje nyttast midlar til. *Dette gjør det monaleg meir kostbart for skogeigarane i kommunen å skogreise arealer som i dag ikkje produserer optimalt, korkje kvalitet eller kvantitet. Kommunane sin valfrihet vert redusert, vedtekne planer kan ikkje etterlevast. Kommunestyret vedtok i 2001 "Oversiktsplan for skogbruk i Kvinnherad"; denne planen avgrensa kva områder som var aktuelle å skogreise med anna treslag. Det er no ikkje aktuelt å nytte offentlege midlar for å nå desse måla.*

#### **Kapittel 3**

##### *§3-1 Generelt*

Bygging av ny vegar i skog og ombygging av gamle vegar kan få tilskot. *I "Oversiktsplan for skogbruk i Kvinnherad" er det vist kva områder som kan vere aktuelle for framtidig vegbygging. Denne planen vil leggje føringa for kor midlane bør nyttast.*

##### *§3-2Vilkår*

Berre vegar som stettar krava til standard etter "Normaler for landbruksvegar" kan få tilskot. Byggingeplanen skal vere godkjent av kommunen. *Dette er i tråd med Kommunestyret sitt vedtak i "Oversiktsplan skogbruk" der det vart presisert at det må takast estetiske omsyn ved bygging av vegar i skog.*

#### **Kapittel 4**

Det er opna for å gi tilskot til friluftsliv og for å ta vare på dokumenterte miljøelement, i tillegg til at det kan gjevast tilskot til ekstra kostnader i drift for å ivareta miljøelement.

#### **Kapittel 5**

##### Andre tilskot

##### *§5-1*

Det kan ikkje gjevast tilskot til taubanedrift.

*Dette er negativt for skogbruket på vestlandet. Vi har store areal som er bratte og vanskeleg å drive utan baneutstyr. Det vil koste mykje å byggje veg til denne skogen. Taubanedrift er dyrt, men setter små spor i terrenget i motsetning til vegbygging.*

## §5-2

Det kan bli gitt tilskot til drift av tømmer med hest; Dette er neppe eit satsingsområde for skogbruket på vestlandet, sjølv om bruk av hest i skogen er hyggeleg.

## Kapittel 6

### §6-1 Søknad og saksbehandling

Kommunen kan setje frist for søknader; Vi rår til at fristen vert sett til 15.april kvart år.

*Erfaring seier oss at vi først ut i februar / mars får vite kor store midler vi får til rådvelde.*

*Samstundes som det må vere noko tid for skogbrukarane å skrive søknadene og tid noko ut året for gjennomføring av tiltaket. Vi har ikkje fått signal om kor lang frist det kan settes for gjennomføring av tiltaket, og om det er råd å gi tilskot over fleire år.*

### §6-2 Vilkår

Det kan setjast vilkår om aktivitet i skogen for å få midlar. Dette er som i dag. Vilkåra må vere saklig grunngjeve og stå i rimeleg forhold til størrelsen på tilskotet.

**I tillegg vil det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og vidare til kommunene ligge en begrensning om at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 pst. av det tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune. Dette er negativt for skogbruket i Kvinnherad. Framleis er det stor trong for utbygging av infrastruktur i skogene i kommunen. Etter ein skogreisingsperiode på bort i mot 50 år har vi store arealer som er relativt ung skog der vegdekkingen er svært mangelfull.**

Vi ser positivt på at kommunen får hand om løyving av midlane. Det er von om at sakshandsamingstida kan verte kortare enn med ordningane i dag og at midlane vil bli nytta meir i pakt med kva som er utfordringane innan skogbruksnæringa i Kvinnherad.

Q:\Dok\2003-11\19835030.i01

\\GYGRASTOL\FORUMDA\$\Dok\2003-12\19001.beh

\\GYGRASTOL\FORUMDA\$\Dok\2003-12\19001.vtk